



Nordhordland Ballklubb v/Erlend Andås
Postboks 127
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2518 - 15/35040

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Iø
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
16.11.2015

Gjeld søknad om redusert gebyr for vatn og avlaup.

Vi syner til dykkar brev av 13.10.2015, der klubben ber om å få redusert gebyra for vatn og avlaup. I gjeldande forskrift for slike gebyr i Lindås kommune er grunnlaget for årsgebyr delt i:

1. Bustadhus, fritidshus, bueiningar, der årsgebyret reknast ut frå areal eller målt forbruk (vassmålar).
2. Andre bygg der det skal betalast etter målt forbruk (vassmålar).

Den registrerte eigaren av bygget får kvart år tilsendt kort for avlesing av vassmålar, og er ansvarleg for innsending/levering til kommunen med påført avlesing av vassmålar. Dersom ikkje slik avlesing og innsending finn stad, vert rekninga basert på estimert forbruk som kan til eksempel vera forbruket året før + 10%. Dersom ikkje eigaren av bygget følgjer opp dette, og forbruket ut frå avlest tal etter kvart vert mykje høgare enn estimert forbruk slik det er i denne saka, må eigaren ta konsekvensen av det.

Lindås kommune kan ikkje gjera forskjell i slike saker, men behandla alle likt. Vi har opp gjennom tidene hatt fleire slike saker, og ein har ikkje høve å ettergjere slike gebyr. Søknad om tilskot til å dekkja det aktuelle beløpet for vass- og avlaupsgebyr må i tilfelle sendast anna instans i kommunen.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar VA

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



